



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

## saksframlegg

Dato:	Referanse:	Vår saksbehandlar:
07.02.2018	12522/2018	Melvin Tornes

Saksnr	Utval	Møtedato
	Fagskolestyret i Møre og Romsdal	15.02.2018

## Fordeling av budsjettramme 2018

### Bakgrunn

I sak T-63/2017 vedtok fylkestinget budsjettramme D06 Fagskolane i Møre og Romsdal. Driftsramma for budsjettåret 2018 er 14,123 millionar kroner. I same sak vart fagskolane også tildelt ei investeringsramme (6A00 Fagskolane) på 2,0 mill. kroner. Fagskolestyret må fordele desse rammene mellom fagskolestyret, Fagskolen i Kristiansund og Fagskolen i Ålesund.

### Driftsramme for 2018

Frå og med 2018 er statens modell for tildeling av ressursar til fagskolane endra. Finansieringa av fagskolane er samla i ein felles tilskotsordning på Kunnskapsdepartementet sitt budsjett (kap. 240, post 40). Dette var tidlegare tre ulike tilskotsordningar. Fylkeskommunane mottar tilskota og er ansvarleg for vidare forvaltning av midlane. Finansieringa av fagskolane er dermed trekt ut av rammetilskotet til fylkeskommunane, og overført til Kunnskapsdepartementet sitt budsjett.

For 2018 får Møre og Romsdal fylkeskommune eit samla tilskott på 41,587 millionar kroner. Dette tilskotet skal dekke midlar til Kunstfagskoen i Ålesund. Fagskoleutdanning i Helsefag, Fagskolestyret, Fagskolen i Ålesund og Fagskolen i Kristiansund.

Tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet seier at midlane skal fordelast slik:

Kunstfagskolen i Ålesund	5,389 millionar kroner
Helsefag	3,240 millionar kroner
Fagskolestyret, Fagskolen i Ålesund, Fagskolen i Kristiansund	32,958 millionar kroner
Samla tilskott	41,587 millionar kroner

80 prosent av tilskotet er eit grunntilskot berekna ut i frå tilskotet til fagskoleutdanning i 2017. 20 prosent er eit resultatbasert tilskot. For at grunntilskotet skal vere føreseileg, langsiktig og stabilt, blir ikkje fordelinga mellom fylkeskommunane endra i åra framover. Det vil seie at 80 prosent av tilskotet er uavhengig av studenttalet. Det resultatbaserte tilskottet utgjer til saman 7,603 millionar kroner og fordeler seg med 2,2 mill. kroner til Fagskolen i Kristiansund og 5,403 mill. kroner til Fagskolen i Ålesund:

Den samla midlane som er tilgjengelig til fordeling mellom Fagskolen i Kristiansund, Fagskolen i Ålesund og Fagskolestyret blir difor slik:

Grunntilskot frå staten	25 355	mill. kr
+ Resultatbasert tilskot Fagskolen i Ålesund	5 403	mill. kr
+ Resultatbasert tilskot Fagskolen i Kristiansund	2 200	mill. kr
= <b>Samla tilskot frå staten</b>	<b>32 958</b>	<b>mill. kr</b>
+ Fylkeskommunale middel	14 123	mill. kr
= <b>Samla ramme</b>	<b>47 081</b>	<b>mill. kr</b>

### Fordeling av driftsramma

I sak FAG 2/11 vart det bestemt å fordele driftsmidlane med utgangspunkt i talet på studentar. Grunnen var at det statlege tilskotet vart berekna ut i frå talet på studentar. Fagskolestyret vedtok vidare at ein skulle nytte ein differensiert sats mellom landbaserte og maritime tilbod. Også for 2017 vart dette prinsippet nytta til fordeling av driftsramma mellom dei to fagskolane.

Frå 2018 er 80 prosent av tilskotet berekna ut i frå studenttalet i 2016. 20 prosent av tilskotet er resultatbasert. Vi ber derfor om at fagskolestyret tek stilling til om vi skal tilpasse tildelingsmodellen til den statlege tildelingsmodellen eller nytte vedteken modell. I tillegg til vedteken modell kan vi tenke oss minst to ulike måtar å fordele midlane på. Alternativa vert presentert nedanfor.

### Alternativ 1

Ein kan fordele midlane ut i frå tre kriterium:

- Grunntilskotet frå staten vert fordelt etter studenttalet for 2016
- Det resultatbaserte tilskotet vert fordelt til den skolen som har opparbeidd tilskotet
- Det fylkeskommunale tilskotet vert fordelt etter talet på studentar innanfor maritime- og landbaserte fag

Om ein nyttar ein slik tildelingsmodell for 2018 vil fordelinga av budsjettmidlane bli slik:

	<b>FiK</b>	<b>FiÅ</b>	<b>F-styret</b>	<b>Sum</b>
Grunntilskot	6 513	18 842		25 355
Resultatbasert tilskot	2 200	5 403		7 603
Fylkeskommunale driftsmidlar	938	12 410	775	14 123
<b>Sum</b>	<b>9 650</b>	<b>36 656</b>	<b>775</b>	<b>47 081</b>

Vedlegg 1 syner korleis dette er berekna.

### Alternativ 2

Ein kan fordele midlane ut i frå to kriterium:

- Det resultatbaserte tilskotet vert fordelt til den skolen som har opparbeidd tilskotet
- Grunntilskotet og det fylkeskommunale tilskotet vert fordelt etter talet på studentar innanfor maritime- og landbaserte fag

Dersom ein vel å nytte denne modellen vert fordelinga av midlane slik:

	<b>FiK</b>	<b>FiÅ</b>	<b>F-styret</b>	<b>Sum</b>
Grunntilskot og fylkes-kommunale middel	5 733	32 970	775	39 478
Resultat-basert tilskot	2 200	5 403		7 603
<b>Sum</b>	<b>7 933</b>	<b>38 373</b>	<b>775</b>	<b>47 081</b>

Vedlegg 1 syner korleis dette er berekna.

### **Alternativ 3**

Ein kan fordele midlane etter vedteken modell. Då vert fordelinga slik:

	<b>FiK</b>	<b>FiÅ</b>	<b>F-styret</b>	<b>Sum</b>
Løyving maritime studentar	6 748	20 519		27 267
Løyving studentar andre fag	1 928	14 762		16 690
Andre løyvingar		4 807	775	5 582
Trekk tidligere års merforbruk	-1 234	-1 225		-2 458
<b>Sum</b>	<b>7 443</b>	<b>38 863</b>	<b>775</b>	<b>47 081</b>

Vedlegg 1 syner korleis dette er berekna.

### **Oppsummering**

Dei alternative modellane for tildeling av ressursar gir store forskjellar i tildelinga til fagskolane. Tabellen nedanfor viser kor store utslag val av modell kan ha for fagskolane.

	<b>FiK</b>	<b>FiÅ</b>
Alternativ 1-alt 2	1 508	-1 508
Alternativ 1-alt 3	2 207	-2 207
Alternativ 2- alt 3	699	-699

Tabellen viser at dersom ein vel alternativ 1 vil Fagskolen i Kristiansund få tildelt 1,508 mill. kroner meir enn dersom ein vel alternativ 2. Tilsvarande er forskjellen mellom alternativ 1 og alternativ 3 2,207 millionar kroner. Forskjellen mellom alternativ 2 og alternativ 3 er 0,699 millionar kroner.

Ser ein på korleis val av modell slår ut høve til %vis endring i budsjettet ser vi at val av modell betyr meir for Fagskolen i Kristiansund enn Fagskolen i Ålesund. Tabellen nedanfor viser dette.

	<b>FiK</b>	<b>FiÅ</b>
Alternativ 1-alt 2	84 %	104 %
Alternativ 1-alt 3	77 %	106 %
Alternativ 2- alt 3	91 %	102 %

Tabellen viser at alternativ 2 gir fagskolen i Kristiansund eit budsjett som er 84 prosent av budsjettet ein ville fått dersom alternativ 1 vert nytta. Fagskolen i Ålesund ville då fått eit budsjett som er 104 prosent av budsjettet ein ville fått med alternativ 1.

Vel ein alternativ 3 i staden for alternativ 1 får fagskolen i Kristiansund eit budsjett som er 77 prosent av budsjettet ein ville fått dersom alternativ 1 vert nytta. Fagskolen i Ålesund ville då fått eit budsjett som er 106 prosent av budsjettet ein ville fått med alternativ 1.

Vel ein alternativ 3 i staden for alternativ 2 får fagskolen i Kristiansund eit budsjett som er 91 prosent av budsjettet ein ville fått dersom alternativ 2 vert nytta. Fagskolen i Ålesund ville då fått eit budsjett som er 102 prosent av budsjettet ein ville fått med alternativ 2.

Dei tre alternative modellane som her er vist er sendt til fagskolane slik at dei har hatt høve til å uttale seg. Svara deira er vedlagt saka.

Fylkesrådmannen vil rå til at ein vel alternativ 1 som fordelingsmodell. Sidan skolane då vil ha ei fast grunnfinansiering vil dette gi føreseielege rammer for skolane. Samstundes vert den delen av det statlege tilskottet som er resultatbasert tildelt den skolen som har opparbeidd resultatet. Modellen tek og omsyn til at maritime utdanningar er meir kostnadskrevjande enn landbaserte utdanningar men ikkje i like stor grad som den tildelingsmodellen vi har i dag.

### **Investeringsmidlar**

Fagskolane er for 2018 tildelt 2 mill. kroner til investeringar. Midlane skal nyttas som delfinansiering dersom fagskolane vert tildelt statlege utviklingsmidlar som ei kan søke på. Vi veit enno ikkje kva statlege tildelingar vi kan rekne med å få tildelt. Vi rår derfor til at fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele desse midlane mellom skolane.

### **Forslag til vedtak:**

- 1 Det statlege tilskotet til fagskoledrift vert fordelt slik:

Kunstfagskolen i Ålesund	5,389 millionar kroner
Helsefag	3,240 millionar kroner
Fagskolen i Ålesund og Fagskolen i Kristiansund	32,958 millionar kroner
Samla tilskott	41,587 millionar kroner

- 2 Dei fylkeskommunale driftsmidlane, 14,123 mill. kroner og dei statlege midlane til Fagskolen i Kristiansund og Fagskolen i Ålesund, 32,958 mill. kroner vert fordelt etter den fordelingsmodellen som er vist i alternativ 1.

- 3 For 2018 vert midlane fordelt slik:

	<b>FiK</b>	<b>FiÅ</b>	<b>F-styret</b>	<b>Sum</b>
Grunntilskot	6 513	18 842		25 355
Resultatbasert tilskot	2 200	5 403		7 603
Fylkeskommunale driftsmidlar	938	12 410	775	14 123
<b>Sum</b>	<b>9 650</b>	<b>36 656</b>	<b>775</b>	<b>47 081</b>

- 4 Fylkesrådmannen får fullmakt til å fordele investeringsmidlane mellom Fagskolen i Kristiansund og Fagskolen i Ålesund.

Ottar Brage Guttelvik  
fylkesrådmann

Erik Brekken  
fylkesutdanningssjef

Vedlegg

- 1 Alternative tildelingsmodellar
- 2 Uttale frå Fagskolen i Kristiansund
- 3 Uttale frå Fagskolen i Ålesund